

Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/5184-3

Svelgen Kraft AS - Høyring - søknad om fornying av reguleringskonsesjonar Svelgen I og II kraftverk i Bremanger kommune

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Det må for magasin Svelgsvatn, og elvane Hjelmevatn – Ivervatn, Vingeavatn – sjø og Svelgsvatn – sjø bli gjennomført ei konkret vurdering av økonomiske konsekvensar ved gjennomføring av dei tiltaka som fagrapporten foreslår.
2. Det må også gjerast konkrete naturfaglege vurderingar av kor stort vasslepp / auka vassføring som må til for å få tilfredsstillande økologisk tilstand i elvane og gjere dei til eit positivt landskapselement. Dette gjeld elvane Hjelmevatn – Ivervatn, Vingeavatn – sjø og Svelgsvatn – sjø. For Svelgsvatn bør det i tillegg gjerast visualiseringar når det gjeld landskap i høve vasstand. For elvestrekninga Vingeavatn – sjø kjem opplevingsverdien til det store helleristningsområdet i Vingen inn som eit særskilt moment som må tilleggjast vekt i vurderingane.
3. NVE må på bakgrunn av dei nye vurderingane sjå om det er behov for å gjennomføre tiltak som også kan innebere fysiske endringar i reguleringsområdet når det gjeld sjølve kraftproduksjonen og manøvreringsregimet. Inn under det må ein også vurdere behov for å konsesjonsfastsette krav til endra manøvreringsregime og minstevassføring.
4. Vi stiller oss bak ei gjennomføring av dei føreslåtte tiltaka som Svelgen kraft AS sjølv er positive til å gjennomføre, jf. tabell 12 i saksutgreiinga.
5. Det er behov for å gjennomføre undersøkingar etter kulturminnelova § 9 Undersøkelsesplikt m.v.

Vedlegg:

1. Søknad om fornya konsesjon for kraftverka Svelgen I og II, Svelgen kraft AS
2. Fagutgreiing om miljøkonsekvensar med eigne vedlegg.
3. Rapportar frå etterundersøkingar i vatn og elver.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Svelgen Kraft AS har sendt søknad om fornya reguleringskonsesjon for reguleringane for Svelgen I (1921) og Svelgen II (1958) kraftverk i Bremanger kommune over til NVE.

Det bør for Svelgsvatn og nokre av elvane gjennomførast konkrete vurderingar av økonomiske konsekvensar ved gjennomføring av dei tiltaka som vert foreslått i tabell 12, side 48, i søknaden (og attgitt i saka) til Svelgen Kraft AS, og også om økologisk tilstand i nokre av elvane kan betrast, i tillegg òg landskapsmessige vurderingar for Svelgsvatn.

2. Bakgrunn for saka

Søknaden gjeld fornya reguleringskonsesjonar i same omfang som for eksisterande konsesjonar. Vi har fått utsett frist til uttale til 29. september. Hovuddokumenta i søknaden er søknadsdokumentet frå Svelgen kraft AS, fagutgreiing om miljøkonsekvensar frå Norconsult og fem ulike rapportar frå etterundersøkingar i vatn og elvar.

Det vert søkt om følgjande:

- Etter vassdragsreguleringslova § 10 om løyve til å regulere desse vatna mellom høgaste regulerte vasstand (LRV).
 - Vingevatn, reguleringshøgde 24 meter (427,85 – 403,85)
 - Nibbevatn, reguleringshøgde 3,5 meter (401,14 – 397,64)
 - Langevatn (SK 369,58), ingen regulering, overført
 - Sjørdalsvatn, reguleringshøgde 9 meter (271,38 – 262,38), endring frå gjeldande konsesjon
 - Svelgsvatn, reguleringshøgde 15,5 meter (231,61 – 262,38)
 - Langevatn / Vatn 11, reguleringshøgde 23 meter (824,71 – 801,71)
 - Hjelmevatn, reguleringshøgde 33,5 meter (496,86 – 463,36)

- Etter ureiningslova om løyve til gjennomføring av tiltaket

Generelt

Søknaden gjeld fornya reguleringskonsesjon for reguleringane for Svelgen I (1921) og Svelgen II (1958) kraftverk i Bremanger kommune over til NVE. Det vert også søkt om at konsesjonane blir gjevne utan tidsavgrensing sidan Svelgen Kraft AS fullt ut er eit offentleg eigd selskap, jf. vassdragsreguleringslova § 10 nr.1, jf. industrikonsesjonslova § 2 første ledd. Ein viser også til Ot.prp. nr. 61 (2007-08) som presiserer at det for offentlege eigarar som hovudregel skal tildelast reguleringskonsesjon utan tidsavgrensing.

For Svelgen I gjeld søknaden Vingevatnet, Nibbevatnet, Sjørdalsvatnet og Svelgsvatnet. Vingevatnet og Nibbevatnet har naturleg avløp til Frøysjøen. Vidare blir avløpet frå Langevatnet, som har naturleg avløp til Myklebustdalen og Ålfoten, overført til magasinet i Sjørdalsvatnet og utnytta i Svelgen I. Svelgen I har ein årsproduksjon på om lag 49 GWh, tilsvarande normalforbruket til ca. 2.500 husstandar.

For Svelgen II gjeld søknaden regulering av Hjelmevatnet som har naturleg avløp til Sjørdalsvatnet og Svelgen, vidare regulering og overføring av avløpet frå Langevatnet / Vatn 11 saman med avløpa frå Tivatnet, Nivatnet, Åttevatnet og Sjuvatnet til Femvatnet. Femvatnet har avløp til Hjelmevatnet medan det overførde avløpet frå dei andre felta har avløp til Fjørdspollen / Ålfoten. Svelgen II har dei siste 15 åra hatt ein årsproduksjon på om lag 210 GWh, tilsvarande normalforbruket til ca. 10.000 husstandar.

Avbøtande miljøtiltak er vurdert i samband med magasinvasstandar, mogleg slepp av minstevassføring, biotoptiltak i lakse- og sjøaureførande vassdrag og opprydding av spor etter anleggsarbeida.

Landskap og miljø

Influensområdet for kraftverka ligg i området mellom Bortnen, Svelgen og Ålfoten i Nordfjord. I samband med søknaden om fornya reguleringskonsesjon er det utarbeidd ein eigen miljørapport.

Konsekvensane av kraftverka er knytt til reguleringssoner rundt magasinane, tørrlagde elvestrekningar og fossar som følgje av bygging av overføringar og dammar, og nokre stader auka vassføring, også som følgje av overføringar. Størst konsekvens er kraftverka vurdert til å ha for reguleringssona langs Svelgsvatnet og fråført vatn i Storefossen, Svelgsfossen, Hjelmevossen og

langs Vingefosselva, der det siste er ein del av landskapsrommet rundt helleristningsfeltet i Vingen landskapsvernområde.

Norconsult skriv at det ikkje ser ut til at rekruttering av fisk i magasina har blitt særleg påverka som følgje av ev. reduserte gyteareal. Dei fleste magasina ser ut til å ha ein tett og småvaksen fiskebestand som følgje av god rekruttering og lite uttak av fisk. Nokre anadrome vassdrag har fått fråført noko vatn som følgje av kraftverka.

Mykje av arbeida er utført veglaust, eller med korte avgreiningar frå eksisterande vegnett, sjå kart i vedlegg 1. Det ligg igjen 19 tippa etter anleggsdrifta. Tippa er for det meste små og delvis tilgrodde. Anleggsvegane blir haldne ved like etter det behovet kraftverka har, og er opne til bruk for ålmenta, men stengde for ålmenn motorisert ferdsel.

Norconsult foreslår i sin miljørapport tre elvestrekningar som utifrå miljøomsyn kan vere aktuelle for vurdering av slepp av minstevassføring eller anna regime for slepp av vatn. Dette er elvane mellom Hjelmevatn og Iervatn, mellom Vingevatn og sjø, og mellom Svelgsvatn og sjø. Effekten av eit minstevassføringslepp eller eventuelt periodevis lepp av vatn må for alle tre strekningane vurderast opp mot tapt produksjon, driftsulemper, flaumfare samt etableringsmoglegheit og etableringskostnadar for slike arrangement.

Samfunn

Svelgen Kraft AS skriv i søknaden at ei eventuell nedlegging vil føre til negative konsekvensar for samfunnet, mellom anna ved at 259 GWh fell bort frå forsyningsnettet, inntekter til verts- og eigarkommunen forsvinn, arbeidsplassar forsvinn og vassdraga mistar den positive flaumdempande effekten som reguleringa fører til.

Tiltakshavar ser det som uheldig og særleg produksjons- og kostnadskrevjande å innføre og leggje til rette for tapping av vatn til minstevassføring. Dette skuldast at magasina for ein stor del er senkingsmagasin¹ der slepp av vatn etter deira vurdering er kostnadskrevjande og vanskeleg å få til praktisk.

For oversikt over alle kraftverka i Svelgen-området og meir detaljert informasjon om Svelgen I og Svelgen II; sjå kart i vedlegg 1 og 2 i søknaden frå Svelgen kraft AS.

3. Vurderingar og konsekvensar

Svelgen Kraft AS foreslår ikkje fysiske endringar i reguleringsområdet når det gjeld sjølve kraftproduksjonen eller manøvreringsregime. Det er i dag ingen konsesjonsfastsette krav til minstevassføring, og det ligg heller ikkje inne forslag om minstevassføringsstrekningar i søknaden.

Med bakgrunn i føreslåtte endringar i fagrapporten og eigne forslag, har Svelgen Kraft AS sett opp ein tabell i søknaden (side 48, og attgjeven under) som gir ei oversikt over moglege tiltak og deira argumentasjon for å gjennomføre eller ikkje gjennomføre avbøtande tiltak:

8.6 Nytte- / kostvurdering for moglege avbøtande tiltak

Tabell 12. Oppsummering av føreslegne tiltak frå miljørapport og tiltakshavar si vurdering av nytte og kostnad for dei ulike føreslegen og avbøtande tiltaka.

Område	Vurdert tiltak	Kva tiltaket har effekt på (nytte)	Kostnad (ulempor) Vasslepp eller magasinrestriksjon	Kostnad. Teknisk løysing og gjennomføring	Tiltakshavar si vurdering
Sørdalsvatn	Høgare magasinvasstand sommarstid. <i>Tiltakshavar sitt forslag.</i>	Mindre tørrlagt areal i reguleringssona langs Sørdalsvatn. Landskapsmessig visuell betring. Positivt for vasslevande organismar og fisk. Meir brukarvenleg vatn for ålmenta.	Medfører flaumtap. Sommarrestriksjon gir mindre fleksibilitet og vi anslår eit tap på ca. 1-3 GWh/år.	Ingen.	Gjennomføre; dvs. halde fram med dagens manøvreringsregime då Straumane kraftverk krev høg vasstand i inntaksmagasin
Svelgsvatn	Høgare magasinvasstand sommarstid. <i>Konsulent sitt forslag, vurdert i miljørapport.</i>	Mindre tørrlagt areal i reguleringssona. Landskapsmessig visuell betring. Positivt for vasslevande organismar og fisk. Meir brukarvenleg vatn for ålmenta.	Auka overløpsfare og tapt produksjon. Verdien av Reguleringsmagasinet vil bli sterkt redusert.	Ingen ekstra kostnad. Endra manøvrering. Kvalitativ vurdering i kap. 8.1.2.	Ikkje gjennomføre.
Elv Hjelmevatn - Ivervatn	Minstevassføring frå Hjelmevatn. <i>Konsulent sitt forslag, vurdert i miljørapport.</i>	Elva som landskapselement, auka opplevingsverdi.	Minstevassføringskrav føreset høg vasstand i form av magasinrestriksjon i Hjelmevatn for å få vasstand høgare enn damfot. Auka flomrisiko og flomtap. Lågare magasinutnytting. Produksjonstap. Verdien av reguleringsmagasin vil i praksis bli sterkt redusert. Minstevassføringslepp sommar og vinter vil medføre tap på ca. 20 GWh/år.	Kvalitativ vurdering i kap. 8.2.2. Teknisk krevjande og svært kostbart å etablere tappearrangement, samt å drifte dette.	Ikkje gjennomføre. Tiltakshavar ser på forslaget som urealistisk.
Elv Vingeavatn - sjø	Minstevassføring frå dam Vingeavatn <i>Konsulent sitt forslag, vurdert i miljørapport.</i>	Vingefosselva som landskapselement, auka opplevingsverdi.	Minstevassføringskrav føreset høg vasstand i form av magasinrestriksjon i Vingeavatn for å få vasstand høgare enn damfot. Auka flomrisiko og flomtap. Redusert magasinutnytting. Produksjonstap. Verdien av Reguleringsmagasinet vil i praksis bli eliminert (fleirårsmagasin). Minstevassføringslepp sommar vil medføre tap på ca. 0,5 GWh/år.	Kvalitativ vurdering i kap. 8.2.2. Teknisk krevjande og svært kostbart å etablere tappearrangement, samt å drifte dette.	Ikkje gjennomføre. Tiltakshavar ser på forslaget som urealistisk.

Elv Svelgsvatn-sjø	Minstevassføring frå dam Svelgsvatn <i>Konsulent sitt forslag, vurdert i miljørapport.</i>	Elva og Svelgsfossen som landskapselement, auka opplevingsverdi.	Minstevassføringskrav føreset høg vasstand i form av magasinrestriksjon i Svelgsvatn for å få vasstand høgare enn damfot. Auka flomrisiko og flomtap. Lågare magasinutnytting. Produksjonstap. Verdien av Reguleringsmagasinet vil bli sterkt redusert. Minstevassføringslepp sommar og vinter vil medføre tap på ca. 3-4 GWh/år.	Kvalitativ vurdering i kap. 8.2.2. Teknisk krevjande og svært kostbart å etablere tappearrangement, samt å drifte dette.	Ikkje gjennomføre. Tiltakshavar ser på forslaget som urealistisk.
Bekkar mellom magasin	Stenging av gytebekkar <i>Konsulent sitt forslag, vurdert i miljørapport.</i>	Reduksjon i den naturlege produksjonen av fiskeyngel. Redusert overbefolkning i dei regulerte vatna.	Ingen.	40.000 kr per gytebekk (permanent stenging). Rimelegare med enklare tiltak t.d. ruse / netting.	Positiv til gjennomføring.
Anadromt vassdrag, Bortneelva	Kartlegging av flaskehalsar, plan for betring av gyte og oppvekstforhold <i>Konsulent sitt forslag, vurdert i miljørapport.</i>	Betring av gyte- og oppvekstvilkår for laks og sjøaure	Ingen.	Ca. 400.000 kr. (inkl. habitatkartlegging med tiltaksplan og etablering av anbefalte tiltak).	Gjennomføre; Habitatkartlegging med tiltaksplan er laga i 2015, planlegging av gjennomføring av tiltak pågår 2016-17.
Anadromt vassdrag, Førdeelva	Kartlegging av flaskehalsar, plan for betring av gyte og oppvekstforhold <i>Konsulent sitt forslag, vurdert i miljørapport.</i>	Betring av gyte- og oppvekstvilkår for laks og sjøaure	Ingen.	Habitatkartlegging utført i 2015; Kostnad i overkant av 100.000 kr.	Habitatkartlegging gjennomført. Ingen nye habitattiltak gjennomførast.
Avløp Svelgen 2 + 4	Fiskesperre <i>Konsulent sitt forslag, vurdert i miljørapport.</i>				Tiltakshavar tek ikkje stilling til forslaget no. Må sjåast i samanheng med andre pågåande prosjekt i Risevatnet og Riseelva.
Tippar / fysiske spor	Opprydding av gammalt anleggsskrot <i>Tiltaket er foreslått av både konsulent og tiltakshavar.</i>	Reinare natur, auka landskapsbilete og landskapsoppleving	Kostnader knytt til opprydding, frakting og handtering av avfall. Grov kostnad: 1 mill. NOK totalt.		Gjennomføre.

Konsekvensar for landskap og miljø

Kraftverka fekk konsesjon i ei tid då konsekvensane for miljø, landskap, friluftsliv og turisme vart mindre vektlagt enn dei blir i dag. Vi har fått andre verdiar og syn på kva omsyn som skal takast når vi byggjer ut kraftverk med magasin, mindre vassføring i elvar og fossar og straumliner. Dette er òg noko av grunngrjevinga for at ein tek ein eldre konsesjon opp til vurdering. Dette vil kunne innebere at vi for å tilpasse oss desse endringane vil måtte gjere endringar i eksisterande anlegg. Fylkesrådmannen meiner difor det må vere rom for å kunne

vurdere om det skal gjennomførast endringar i konsesjonsvilkåra som også påverkar sjølve kraftproduksjonen eller manøvreringsregime.

Det vert i søknad med fagutgreiing sett opp både kor mykje kraft som vert produsert, og kva det har å bety for sysselsetjing og for kommunal økonomi. Frå søkjar si side vert det sagt at det vil verte sær s produksjons- og kostnadskrevjande å innføre og leggje til rette for tapping av minstevassføring. Det vert for fleire av områda konkludert med å ikkje gjennomføre tiltak, og med argumentasjon som at det t.d. vil føre til lågare magasinutnytting og produksjonstap, og at tiltakshavar ser på forslaget som urealistisk.

Det vi saknar med søknaden er at den konkret gjer utgreiingar av dei forslaga som konsulenten foreslår. Det vert gjort ei overordna vurdering, utan at konklusjonane vert underbygde med konkret framstilling av dei faktiske kostnadane. Kostnadane dei viser til burde vere mogleg å setje opp, anten det er knytt til produksjonstap eller til opparbeiding og drift av tappearrangement. I ein søknad som skal munne ut i ein driftskonsesjon som kan bli gjeven med vilkår utan tidsavgrensing, må argumentasjonen til søkjar vere grundig dokumentert.

Vi ser også behov for ei utdjuping av nokre av dei konklusjonane som vert gjort i miljørapporten. Det står i kapittel 11.2.2 Landskap, friluftsliv og kulturminne at «...Elva har vore tilnærma tørrlagd sidan Svelgen I vart sett i drift i 1921, og i eit økologisk perspektiv vil ei minstevassføring her gjere

lita nytte.» Vassdragsnaturen i det aktuelle området er i stor grad påverka av kraftutbygging. Ei tilbakeføring av vatn i dei tørrlagde elvestrekningane vil etter vår vurdering, iallfall over tid, kunne bøte på noko av dette. Det er i miljørapporten, etter det vi kan sjå ikkje gjort forsøk på å vurdere kor mykje vatn som må sleppast i dei aktuell elvane for elva opp på eit visst økologisk funksjonsnivå eller som eit positivt landskapselement.

I Regional plan for vassforvaltning er miljømål for alle vassførekomstar i Sogn og Fjordane sette. Det er presisert at i samband med ein revisjon eller ved endring av manøvreringsreglementet skal sektorstyresmakter forsøke å nå god økologisk tilstand for vassførekomstane. Ved vurdering av søknaden for fornya konsesjon av Svelgen I og II bør NVE vurdere nærmare om økologisk tilstand i aktuelle vassførekomstar kan betrast.

Med bakgrunn i det vi skriv over vil vi be om at det vert gjort ei konkret vurdering av økonomiske konsekvensar ved gjennomføring av dei tiltaka som er foreslått av Norconsult i fagutgreiing om konsekvensar for miljø og samfunn og som er oppsummerte i tiltak i tabellen: Magasin Svelgsvatn, elvestrekninga Hjelmevatn – Ivervatn, elvestrekninga Vingevatn – sjø og elvestrekninga Svelgsvatn-sjø.

Som grunnlag for å gjere økonomiske vurderingar vil vi også be om at det vert gjort konkrete naturfaglege vurderingar av kor stort vasslepp / auka minstevassføring som må til for å få ein tilfredsstillande økologisk tilstand i elvestrekningane som er nemnt i avsnittet over. For Svelgsvatn bør det i tillegg gjerast visualiseringar når det gjeld landskap knytt opp mot vasstand. For elvestrekninga Vingevatn – sjø kjem opplevingsverdien til det store helleristningsområdet i Vingen inn som eit særskilt moment vi meiner må tillegast vekt i vurderingane.

Desse vurderingane, konkret målsett i tal liter per sekund bør leggjast til grunn for dei kostnadmessige vurderingane vi skriv om over. Før desse konkrete vurderingane er på plass er det vanskeleg å konkret vurdere kostnadane knytt til minstevassføring opp mot nytten.

Det vert i søknad og fagutgreiinga føreslått nokre tiltak for betre visuelt landskapsinntrykk og / eller som er positivt for vasslevande organismar. Tiltakshavar sjølv er positiv til gjennomføring av desse:

1. Sjørdalsvatn. Høgare magasinvasstand sommarstid. Mindre tørrlagt areal i reguleringssona langs Sjørdalsvatn. Landskapsmessig visuell betring. Positivt for vasslevande organismar og fisk. Meir brukarvenleg vatn for ålmenta.

2. Bekkar mellom magasina. Reduksjon i den naturlege produksjonen av fiskeyngel. Redusert overbefolkning i dei regulerte vatna.
3. Anadromt vassdrag Bortneelva. Betring av gyte- og oppvekstvilkår for laks og sjøaure
4. Tippar / fysiske spor. Opprydding av gammalt anleggsskrot

Vi stiller oss bak ei gjennomføring av desse tiltaka.

Konsekvensar for kulturminne

Det er naudsynt å gjennomføre undersøkingar etter § 9 i kulturminnelova om undersøkelsesplikt. Slike undersøkingar vart ikkje gjort i samband med utbyggingane i 1921 og 1958. Nærleiken til Vingen helleristningsområde, der det òg er funne steinalderbuplassar frå sein mesolittikum, tilseier at det kan vere aktivitetsområde også å finne i fjellområda lenger inne. I følgje Helga Vingen, som vaks opp i Vingen, meinte ho å sett fleire helleristningar (hjortefigurar) på steinblokker ved Vingevatnet då ho var lita (Lørdøen og Mandt 2012:157-157). Det har ikkje lukkast Universitetsmuseet i Bergen å finne att helleristningane så langt. Men det har heller ikkje vore gjennomført systematiske registreringar i desse fjellområda.

Fylkesrådmannen meiner vi bør få auka vassføring i Vingefossen. Bulderet frå Vingefossen kunne tidlegare høyrast frå lang lei, og skulle heilt klart ha vore ein del av opplevinga i Vingen landskapsvernområde. Det er registrert fleire helleristningar på bergveggane til denne fossen. Helleristningane og fossen høyrer derfor saman. Kvar sommar kjem det fleire besøkande på guida turar til Vingen. Det vil derfor vere av høg verdi å få tilført større vassmengder i elva gjennom turistsesongen, dvs i perioden frå mai til oktober, for å auke opplevingsverdien. Norconsult skriv i sin rapport at ei ordinær minstevassføring i liten grad vil klare å gjenskape det landskapsinntrykket dei opprinnelege fossane hadde. Dei skriv samstundes at unntaket kan vere Vingefosselva ned mot Vingenfeltet.

Fagrapporten med kulturminne vart skrive i 2004 og inneheld difor ikkje dei same detaljkunnskapane som denne boka: *Vingen. Et naturens kolossalmuseum for helleristninger*. Trond Kungseth Lørdøen og Gro Mandt. Akademika forlag, 2012.

4. Konklusjon

Det må for magasin Svelgsvatn, og elvane Hjelmevatn – Iervatn, Vingevatn – sjø og Svelgsvatn - sjø bli gjennomført ei konkret vurdering av økonomiske konsekvensar ved gjennomføring av dei tiltaka som fagrapporten foreslår, sjå oppsummering i tabell 12 over.

Det må også gjerast konkrete naturfaglege vurderingar av kor stort vasslepp / auka minstevassføring som må til for å få tilfredsstillande økologisk tilstand i elvane og gjere dei til eit positivt landskapselement. Dette gjeld elvane Hjelmevatn – Iervatn, Vingevatn – sjø og Svelgsvatn – sjø. For Svelgsvatn bør det i tillegg gjerast visualiseringar når det gjeld landskap knytt opp mot vasstand.

NVE må på bakgrunn av nye vurderingar vurdere om det er behov for å gjennomføre tiltak som også inneber fysiske endringar i reguleringsområdet når det gjeld sjølve kraftproduksjonen og manøvreringsregimet. Inn under det også vurdere behov for å konsesjonsfastsette krav til endra manøvreringsregime og minstevassføring.

Vi stiller oss bak ei gjennomføring av dei føreslåtte tiltaka som tiltakshavar sjølv er positive til gjennomføring av.

Det er naudsynt å gjennomføre undersøkingar etter § 9 i kulturminnelova om undersøkingsplikt. Slike undersøkingar vart ikkje gjort i samband med utbyggingane i 1921 og 1958.